



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/178 - 18/10148

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
22.03.2018

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 24/50 Fammestad

Tiltak: bustad
Byggjestad: Gbnr: 24/50
Tiltakshavar: Erlend Bratholmen og Malene Myhr Eide
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.01.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. I reguleringsplanen for Kløve bustadfelt er det ikkje teikna inn byggegrense mot sjø. Uttale frå kommunal og moderniseringsdepartementet av 08.03.17 som gjeld «virkning for eldre reguleringsplaner uten byggegrense» vert difor gjeldande for tiltaket. Det må difor søkast om dispensasjon for byggegrense mot sjø for tiltaket. Søknad om dispensasjon må vidare sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland for uttale når kommunen har motteke slik søknad. Saksbehandlingsfrist vil då bli utvida med inntil 4 veker medan saka er på høyring.
2. Av situasjonsplanen ser det ut til at fyllingsfoten for grunnarbeid går inn på eigedom 24/22. Vi kan ikkje sjå at eigar av gbnr 24/22 har samtykka til dette og ber om ei klargjering av korleis tiltaket skal gjennomførast.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 30.04.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Erlend Bratholmen og Malene Myhr Vardane 127 5911 ALVERSUND
Eide

Mottakarar:

Kålås Bygg AS Torvhusmyrane 2 5913 EIKANGERVÅG
Kålås Bygg AS Torvhusmyrane 2 5913 EIKANGERVÅG